



119,3

DRIFTSRESULTAT (29,8)

118,6

RESULTAT FØR SKATT
(29)

KRAFTPRODUKSJON GWh (168)

304

OMSETNING (309)

467

TOTALKAPITAL (2 545)

2 983

EIGENKAPITALPROSENT (34,1)

31,3

REKNESKAP 1. TERTIAL 2019

Rekneskapen for 1. tertial 2019 syner eit driftsresultat på 119,3 mill. kr (29,8) og eit resultat før skatt på 118,6 mill. kr (29). Omsetninga vart 467,2 mill. kr (309,2), totalkapitalen er 2 982,9 mill. kr (2 545,3) og eigenkapitalprosenten er 31,3 % (34,1). Netto finans syner eit resultat på -0,8 mill. kr (-0,8). Tilsvarande tal for 1. tertial 2018 står i parentes.

Konsernet har ein auke i driftsresultatet på 89,5 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2018. Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er høgare produksjonsvolum, høgare kraftprisar og lågare andre driftskostnader. I 2018 var Tussa kraftverk på Bjørke under rehabilitering, og kraftverket stod i to månader i 1. tertial.

Tussa Energi AS er største bidragsytar til auken i resultatet, men også Mørenett AS og Tussa IKT AS har hatt positiv resultatutvikling samanlikna med 1. tertial 2018. Tussa-24 AS viser lågare resultat, medan Tussa Installasjon AS viser same resultat som i fjor.

Netto finans utgjør -0,8 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er om lag det same resultatet som for same periode i fjor. Rentekostnader på eksterne lån utgjør 13,3 mill. kr i tertialet, og gjennomsnittleg lånerente var 2,3 %. Konsernet hadde vidare ein netto valuta-gevinst på 5,3 mill. kr, og inntekt frå investering i Istad AS på 5,3 mill. kr. Desse postane er hovudforklaringa til finansresultatet.

Det er estimert 22 % skatt av selskapsresultata ved utgangen av tertialet. I tillegg er det estimert 27,3 mill. kr (5) i grunnrenteskatt. Skattekostnaden er 45 % av konsernresultatet før skatt, mot 40 % i 2018. Resultat etter skatt er 65,3 mill. kr, som er 48 mill. kr høgare enn ved 1. tertial 2018.

Investeringane er på 49,6 mill. kr (82,5), i hovudsak fordelt på nett med 26,2 mill. kr (48,4), IKT med 19,6 mill. kr (17,3) og produksjon med 3,3 mill. kr (16,4). Konsernet har store moglegheiter for lønnsame investeringar framover, men ser samstundes at det kan vere utfordringar med å finansiere prosjekta.

Totalkapitalen har auka med 437,6 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Anleggsmidlar viser ein auke på 406,4 mill. kr, medan langsiktig gjeld har auka med 377,4 mill. kr frå 1. tertial 2018. Dette har samband med kjøp av aksjar i Istad, og andre investeringar med tilhøyrande låneopptak.

ENERGI

Kraftproduksjon

Driftsresultatet for kraftproduksjon er 85,3 mill. kr, som er 79,7 mill. kr høgare enn på same tidspunkt i 2018. Auken har i hovudsak samband med lågt driftsresultat i 2018, grunna den planlagde driftsstansen i Tussa kraftverk.

Akkumulert kraftproduksjon var på 304,4 GWh (168,4). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 113 % av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 188 % av normalt. Magasinfyllinga ved utgangen av tertialet var på 24 %, som er noko større enn normalen for årstida. Vassmagasina i Norden har normal fylling, men det har vore særleg lite snø i Sør-Noreg denne vinteren, og ved utgangen av april estimerte ein at hydromagasinet var rundt 19 TWh under normalen. Fallande prisar for naturgass og kol har i stor grad blitt kompensert av høg pris på europeiske klimakvotar, og dette har halde europeiske kraftprisar på eit relativt høgt nivå. Gjennomsnittleg spotpris på NordPool for 1. tertial var 44,1 øre/kWh (37,3 øre/kWh). Områdeprisen i Ørsta, NO3, følgjer systemprisen tett, og gjennomsnittet for 1. tertial var på 43,8 øre/kWh (37,5 øre/kWh).

I februar vart det gjort vedtak om utbygging av Osdalen kraftverk. Utbygginga vil starte til hausten, og det er planlagt sett i drift seint hausten 2020. Kraftverket vil koste om lag 70 mill. kr inkludert kabel til Kalvatn, og vil få ein normalproduksjon på om lag 17 GWh. Elles er det i perioden utført sluttarbeid

på Tenneelva, som vart sett i drift i desember 2018. Slutføring av inntaksområdet og tilstelling av fjellvegen, rørgatetraseen og stasjonsområdet skal utførast i sommarsesongen.

I månadsskiftet april/mai vart oppgradering- og utvidingssøknaden for Bjørdal kraftverk gjort ferdig og sendt inn til NVE. Det er søkt om å få skifte ut øvre del av rørgata og byggje ny kraftstasjon (ved den gamle) med større yting og dermed ein auke i årsproduksjonen på om lag 7 GWh.

I april vart det gjennomført revurdering av vassvegane og lukesystema i Åmela kraftverk.

Kraftomsetning

Driftsresultatet for Tussa-24 AS er 0,0 mill. kr (0,9). Resultatet er prega av stor konkurranse i marknaden på grunn av høge, men fallande, innkjøpsprisar på straum og elsertifikat i perioden.

Årsvolumet og utviklinga av kundetalet er om lag som forventa, men det er framleis låg aktivitet i delar av den maritime industrien i området vårt. Målet er å halde på posisjonen som den leiande kraftleverandøren på søre Sunnmøre.

Kraftnett

Tussa eig 46,34 % av det felleskontrollerte føretaket Mørenett AS. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i konsernrekneskapen.

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 27,1 mill. kr (21,9), og eit resultat før skatt på 22,6 mill. kr (19,1). Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er at det er gjennomført tiltak i 2018, som gir positive utslag i form av lågare driftskostnader i 2019. Netto finansresultat har auka med 1,7 mill. kr og dette skuldast i hovudsak både høgare lånevolum og høgare rente.

Den utførande aktiviteten i nettet har vore god dette tertialet. Det gjeld både innanfor drift og vedlikehald, og innan ny- og reinvesteringar. Tussa sin del av investeringane i kraftnettet for 1. tertial er 26,2 mill. kr.

IKT

Omsetninga for 1. tertial vart 64,7 mill. kr og dette er ein auke på 12,4 % samanlikna med same periode i 2018. Driftsresultatet vart 8,7 mill. kr (6,4).

Forretningsområdet IT har hatt ei god utvikling innanfor IT-avtalar, konsulenttenester og handelsvarer. Innanfor forretningsområdet IT har vi hatt ein vekst i omsetninga på 4,5 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2018. Datasenteret vårt har framleis god kapasitet til å ta imot nye kundar i åra som kjem. Vi arbeider med å vidareutvikle styringssystemet for IT sikkerheit, og dette vil leggje grunnlaget for å få ei ISO-27001 sertifisering.

Innanfor forretningsområdet kommunikasjon har vi ved utgangen av tertialet ein vekst i omsetninga på 2,6 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2018. Vi har hatt god vekst både innanfor privatmarknaden og bedriftsmarknaden. Så langt har vi levert fiber til 10 082 hushald og 635 bedrifter. Fokuset no er å byggje ut dugnadsområde, fortette dei felte vi har bygd ut og levere fiber til bedriftsmarknaden.

Installasjon

Ved utgangen av 1. tertial har forretningsområdet installasjon ein reduksjon i omsetninga på vel 5 % samanlikna med same tid i 2018. Driftsresultatet er prega av ein marknad med sterk konkurranse. Selskapet har samla sett betre marginar på ordrane i 2019, men omsetninga/aktiviteten er for låg. Dette skuldast at selskapet har få store næringsprosjekt, og stor andel serviceaktivitet. Slik selskapet er rigga med personell trengst det fleire store prosjekt, samstundes som serviceaktiviteten må vere god. Basert på røynsle er resultatskapinga større i andre halvår enn i første og vi forventar betre utvikling mot slutten av året.

Rekneskap Tussakonsernet

TAL I TUSEN KR

RESULTAT 1. TERTIAL	2019	2018	2017
Salsinntekt	92 309	87 367	82 132
Energisal*	268 168	122 780	103 539
Nettinntekt	99 865	97 189	95 225
Andre driftsinntekter	6 897	1 841	17 057
Sum driftsinntekter	467 238	309 176	297 953
Varekostnad	24 962	23 413	24 366
Energikjøp og overføringskostnad	169 082	96 784	51 775
Lønskostnad	69 698	67 009	73 816
Annan driftskostnad	42 051	47 931	34 455
Sum driftskostnad før avskr.	305 792	235 137	184 411
EBITDA	161 446	74 040	113 542
Avskrivning og nedskrivning*	42 132	44 236	42 974
Driftsresultat	119 313	29 803	70 568
Netto finans	-762	-823	-14 772
Resultat før skatt	118 552	28 980	55 796
Estimert skattekostnad	53 233	11 665	26 961
Resultat etter skatt	65 319	17 314	28 835

* Auken i energisalet kjem av høgare kraftpris og at Tussa-24 AS og Mørenett AS har blitt egne aktører på NordPool.

* Avskrivningane i 2019 er lågare som følgje av at Mørenett AS har auka avskrivningstidene sine på anlegg.

BALANSE 1. TERTIAL	2019	2018	2017
Anleggsmidler	2 660 994	2 254 627	2 109 101
Omløpsmidlar	321 892	290 670	306 438
Sum eigedelar	2 982 887	2 545 298	2 415 540
Eigenkapital	932 227	867 339	860 277
Avsetning for forpliktingar	38 689	27 545	22 301
Langsiktig gjeld	1 715 897	1 338 499	1 236 701
Kortsiktig gjeld	296 074	311 914	296 261
Sum gjeld og eigenkapital	2 982 887	2 545 298	2 415 540

RESULTAT 1. TERTIAL	OMSETNING		EBITDA		DRIFTSRESULTAT		RESULT. FØR SKATT	
	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018
Kraftproduksjon	167 055	139 650	99 872	19 201	85 349	5 613	92 192	1 675
Kraftomsetning	121 490	111 446	223	1 133	0	919	-477	775
Nett	110 089	102 078	39 860	38 105	27 058	21 856	22 647	19 123
IKT	64 690	57 521	23 160	19 852	8 676	6 447	6 433	3 503
Installasjon	32 443	34 254	-1 457	-1 294	-1 954	-2 027	-1 968	-1 995
Andre	12 422	9 053	-211	-2 958	-367	-3 092	-825	5 812
Konsernelimineringar	-40 952*	-144 826	0	0	551	87	551	87
Sum	467 238	309 176	161 446	74 040	119 313	29 803	118 552	28 980

* Stor endring i konsernelimineringar kjem av at internhandelen av kraft mellom Tussa Energi AS og Tussa-24 AS / Mørenett AS vart avslutta i løpet av 2018.